

Saksbehandlar: Geir Afdal, Bygge- og eigedomstenesta  
Sak nr.: 15/10593-4

## Sal av festetomt - gbnr 43/88 i Eid kommune

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner at tidlegare barnehagetomt ved Nordfjordeid sjukehus vert overdregen til Eid kommune for 0,3 mill. kr.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet.
3. Salssummen vert nytta til nedbetaling av gjeld.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg: Festekontrakt barnehagetomt Eid, grunnboksopplysingar gbnr 43/88 og kartutsnitt

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

Eid kommune har teke kontakt med fylkeskommunen for å få kjøpe fylkeskommunal tomt gbnr 43/88 som ligg like ved Nordfjord sjukehus. Det totale arealet på tomta er 1022 m<sup>2</sup>. Kommunen har sidan 1977 festa tomta til barnehageføremål, jf. vedlagt festekontrakt. Festekontrakten går til 01.11.2030 og festeavgifta er på kr 50,- pr. år.

Arealet var tidlegare regulert til offentleg areal - barnehageføremål, men er no regulert om til areal for bustadføremål. Dette vart i 2013 vedteke av kommunestyret i Eid kommune i k-sak 72/13.

Eid kommune har planar klare for bygging av kommunale husvære, noko dei har eit stort behov for. Byggeprosjektet er allereie byggesøkt og Eid kommune håpar på positiv tilbakemelding om kjøp frå fylkeskommunen.

Bygge- og eigedomssjefen har ført tingingar med Eid kommune i saka og siste tilbod frå Eid kommune er på kr 300 000,-. Dette er bakgrunn for at fylkesrådmannen no fremjar saka.

### 2. Status og vurderingar

Fylkesrådmannen vurderer det slik at dagens festeavtale gjev liten inntening på arealet for fylkeskommunen, og det er lite tenleg for fylkeskommunen å sitje att med denne delen tomte. Arealet heng att frå den tida sjukehusa høyrde til fylkeskommunen.

Barnehagebygget som stod delvis inne på den fylkeskommunale tomte er rive og det er klart for bygging av kommunale husvære. Tomta har såleis ein verdi i seg sjølv, men det er vanskeleg å vurdere ein separat verdi på denne delen. Eid kommune har opplyst at dei i 2008 kjøpte den andre delen av barnehagetomta (om lag 1300 m<sup>2</sup>) for kr 75.000,- av Opplysningsvesenets fond. Fylkesrådmannen og bygge- og eigedomssjefen vurderer det slik at ei sjølvstendig og tilrettelagt tomt i dette området vil kunne ha ein verdi på opp mot 500.000,- kr.

Etter ein kort forhandlingsprosess er tilbodet frå Eid kommune pålydande kr 300 000,-. Dette vert vurdert til å vere ein akseptabel pris for tomte. Det er ikkje teke takst i dette tilfellet.

Kommunen vil ha stor nytte av ei slik løysing. Kommunen får byggje dei planlagde kommunale husværa sine og får eit heilskapleg kommunalt bustadområde.

Salssummen bør nyttast til nedbetaling av gjeld.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser det som ei god løysing for arealet og tilrår at fylkesutvalet gjer vedtak i samsvar med dette.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)